

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1949

Namnet på vatnet Mjøsevatnet, Gamlastrandvatnet,
Kjopskingsvatnet, Tenehvi-vatnet
Kommune Suldal

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

G A M L A S K A R D V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 20. september 1979.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nord for Venehei og på vestsida av Mosvatnet.

Arealet er omlag 6 ha. og h.o.h. 588 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det eit noko grunt vatn.

Stranda består av stein og fjell.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Nedslagsfeltet femner for det meste om snaumark, med spreid bjørkeskog, og noko myr.

Hovudtilsiget fell inn i sør og kjem frå Kringletjørn.

Avlaupet renn ut i nord-aust og går til Moselva.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.0 som er i suraste laget for yngel og rogn.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 0.75 mg/l og den totale hardheita (CaO./l) til 1.50 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 15.7.

Mageprøver.



For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne fjærmyggpupper, vårflugelarver, buksvømmere, svevemygg og div. luftinsekter.

Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 3 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 16 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 11 røde og 5 lys-røde i kjøttfargen.

Vidare var det 11 hanfiskar og 5 hofiskar.

Alle fiskane var gytefisk - ingen gjeldfisk.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Medelvekta av alle fiskane 336.8 gram. Den største fisken 540 gr.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.8	9.9	15.0	20.3	26.2	30.7	33.6
Årleg lengdetilv. i cm.	4.8	5.1	5.1	5.3	5.9	4.5	2.9
Antall fiskar	14	14	14	14	12	4	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.25 tilseier feit fisk.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Gamlaskardvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Gamlaskarvatnet ein normal lengdetilvekst dei 3 første åra, men etter dette ligg veksten over normalen fram til 6-7 års alder.

Konklusjon.


Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og surt. Fiskebestandet er i dag i underkant av vatnet si bæreemne.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva så er ikkje desse så gode som ynskjeleg. Vatnet har ei svak "bufferemne" og blir såleis lett påverka av sur nedbør.

Mageprøvene syner at det er relativt bra med næringsdyr og vi skal merka oss svevemyggen som til vanleg er å finna i oksygenfattige vatn.

Fisken vi fekk var av uvanleg fin kvalitet og sjeldan vil ein i fjellvatn finna feitare og finare fisk. Ein K-faktor på 1.25 er langt frå det vanlege.

Vekstkurven er også god, og denne saman med K-faktoren, fortel at produksjonsemna ikkje er fullt utnytta.



Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine, og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Gamlaskardvatnet er noko skrint, med harde og sure bergarter i undergrunnen, og det blir såleis gjennom tilsiga lite med mineral- og næringsstoff som blir tilført.

Nedslagsfeltet er heller ikkje i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein i dag får, noko som gir seg utslag i eit surt vatn. Av denne grunn vil auren ikkje kunna formere seg naturleg, sjølv om tilhøva elles ligg vel til rette for det, slik at for å halde eit fiskebestand i Gamlaskardvatnet må ein bassere dette på utsetjing av fisk.

Praktiske tiltak.

For å utnytte produksjonsemna i Gamlaskardvatnet fullt ut, vil vi tilrå at ein går til utsetjing av settefisk. Reknar vi med ei avkastning på ca. 4.0 kg. pr. ha. blir dette avrunda ca 25 kg pr. år. Om f. eks. fisken ved gjenfangst skal vera omlag 300 gram tilsvarar dette ca. 80 fiskar. Ein viss avgang vil det alltid bli, slik at høvande utsetjingstal kan setjast til 100 settefisk pr. år. Fisken bør merkast ved ulik finneklipping kvart år, då dette vil vera av interesse ved gjenfangst.

Gamlaskardvatnet er eit vatn som høver godt for sportsfiske (stangfiske) og det er dette som må vera den primære driftsforma.

Grunneigarane må likevel om hausten drive garnfiske med stormaska garn (1/4 omf) for å nyttiggjera seg den større fisken.

Då ein nå i fleire år har drive med settefiskfangst i Mosvatnet, og dette vatnet framleis er overbefolka, må ein kunna nytte settefisk herfrå til Gamlaskardvatnet.

Når det gjeld surheita i vatnet, så er det ikkje så mykje ein kan gjera med det. Sjelvsagt vil tilføring av kalkstoff og gjødsel ha ei positiv verknad, men det fell ofte kostbart, og det er ikkje nokon eingongs-affære, då gjødselverknaden vil bli utvaska og ny gjødsel må tilførast. I små grunne vatn, med liten gjennomstrøyming, kan likevel gjødsling einskilte stader vera av interesse, men ein kan vanskeleg tilrå dette i Gamlaskardvatnet.

Vi får berre vone på eit internasjonalt samarbeid for å minske luftforureininga, så vil tilhøva på ny bli betre for auren i mange vatn.

Stavanger 5/2 1980

Einar Berg